

Merknader til

FRAMLEGG TIL NY KYRKJEORDNING

NLA Høgskulen takkar for høvet til å kommentere framlegget til ny kyrkjeordning.

Vi les tankegangen bak framlegget slik at mest mogleg av dagens situasjon, både praktisk og prinsipielt, skal førast vidare. Kyrkjeordninga skal gjelda etter at Stortinget har vedtatt ei ny lov om trudomssamfunn, med eit eige kapittel for Den norske kyrkja (Dnk), og slik vera eit varig uttrykk for kyrkja sin identitet som trussamfunn og folkekirkje. Mot den bakgrunnen vil vi hevda at det bør arbeidast vidare med framlegget, og særleg med Kapittel 1 (§§ 1-6), som seinare berre kan endrast etter strenge prosedyrar (§ 50).

Gitt den forsiktige tilnærminga som pregar framlegget, er det ikkje nødvendig å kommentera så mange enkeltmoment. Vi sluttar oss til dei fleste av forslaga, som paragrafane om valkyrkjelydar og soknebandløysing, og *prinsippet* om ikkje å endra tilhøvet mellom dei ulike nivåa i rådsstrukturen.

Våre merknader er avgrensa til følgjande punkt: Kapittel 1 (også relevans for §10 Organ for kyrkja), § 22 (Soknemøtet), § 29 (Kyrkjefond), § 32 d (Bispedømerådet).

1. Kommentarar til kapittel 1:

Vi kan ikkje slutta oss til grunnhaldninga i Kapittel 1, som skal uttrykke samanhengen mellom kyrkjelære, sakramentsforvalting og medlemsvilkår. Slik kapitlet no er disponert og formulert, står det i spenning til både reformatorisk, men også oldkyrkjeleg, tradisjon. Ordet «tru» er heilt borte frå desse paragrafane, noko som ikkje er i samsvar med Confessio Augustana (CA, samlede artiklar 4-8 og CA 20). Implisitt legg kapitlet opp til ei forståing av dåpen der «gjort gjerning» (*ex opere operato*) vert hovudsaka, og ikkje at sameininga med Kristus (§ 3) skjer ved at dåpen vert motteken i tru og med tillit til Guds lovnader i Skrifta. Fordi det trinitariske motivet i §3 ikkje er vert knytt til ein teologisk antropologi får koplinga mellom dåp, som Guds handling med mennesket (*opus operatum Dei*), og teneste ei lovisk undertone.

Ein av dei mest grundige økumeniske avtalane Dnk har slutta seg til, det såkalla LIMA-dokumentet (godkjent i 1982), representerer difor framleis ei sterkt utfordring til Dnk sin dåpspraksis og til måten dette kapitlet er utforma på.

Noko kan betrast ved at § 3 («Dåp og teneste») vert reformulert, t.d. ved at overskrift og innhald dekkjer både «dåp, tru og teneste», og at ein her og i dei andre paragrafane skil tydelegare mellom kyrkja sin identitet, kyrkjepolitiske føringar og medlemsrettar.

Det er elles ein heller proklamatorisk tone over paragrafane i det første kapitlet, særleg §§ 2 og 3. Vi etterlyser ein meir audmjuk og vedkjennande stil, og foreslår dessutan at § 2 vert flytta til slutten av kapitlet.

Språkleg: I § 1 er det uklart om bruken av «vedkjennast» refererer til den refleksive bruken av verbet (som i «lat oss vedkjennast vår heilage tru»). Slik det står no, verkar det betre å bruka det aktive «som vedkjerner trua.» (Heile det nynorske utkastet treng elles ein språkvask)

2. Til nokre andre punkt vil vi kort merka:

A. Vi meiner endringane i § 22 er unødvendige. Aktuelle teologiske stridsspørsmål kan ikkje forsvara at ein forlèt ordlyden i dagens kyrkjelov, § 11: «Menighetsmøtet avgjør saker om innføring av gudstjenstlige bøker i kirken og andre saker som etter bestemmelse av Kirkemøtet overlates til menighetsmøtets avgjørelse.» Denne paragrafen svarar til formuleringar som går langt attende i historia, m.a. tydeleg uttrykt i Kyrkjeordningslova (1953): «Menighetsmøtet avgjør alle saker om innføring av ny, godkjent salmebok og liturgi» (§ 32 b).

Her (og i nokre andre paragrafar) kan det sjå ut som ut at lova legg opp til ein samanheng mellom dåpsteologien (i kapittel 1) og det allmenne prestedømet som eit implisitt argument for demokratisk kyrkjestyre. Denne samanhengen blir vidare det som skal grunngi ein hierarkisk rådsstruktur i kyrkja, der det er kyrkjemøtet som konstituerer einskapen i kyrkja, i staden for den vedkjenninga som lyder frå forsamlinga av dei truande. Kyrkja vert då, ikkje berre i praksis, men også i teorien, ei reformert kyrkje. Det vert ein *institusjon* som konstituerer/garanterer einskapen i kyrkja, i prinsippet slik som i den katolske kyrkja. Dette framleggget, saman med nyformuleringar om oppgåvene til fellesrådet og sokneråda, tyder difor på at ein ikkje like frimodig som før kan hevde at soknet i ordningsmessig forstand, og rett forstått, også i teologisk forstand «er den grunnleggjande eininga» i Dnk. Lova lukkast ikkje i å få fram ei forståing av kyrkja som samlinga av dei som i gudstenesta hører, trur og tilbed. I høyringsdokumentet er det berre om kyrkja sitt «kall» og si «oppgåve».

B. Det kan henda at § 29 – om at kyrkjefond skal forvaltast av fellesråda – svarar til det som kan bli ein god praksis mange stader. Men lokale tilhøve, så vel som statuttar for dei aktuelle fonda, kan hindra dette. Paragrafen bør difor modifiserast.

C. § 32 d seier at alle sju leke medlemer skal veljast direkte til bispedømeråd og kyrkjemøte. Slik vert gjennomgåande representasjon avvist, og dei valde sin identifikasjon med lokalkyrkja svekka. Stort sett alt av kyrkjer i verda – og sivilsamfunnet elles – har indirekte val etter nominasjon på lokalplanet, fordi dette betre svarar til kyrkja sin identitet. Etter dette framleggget vil ikkje dei enkelte bispedøma sjølv ta avgjerd om valform. Intensjonen bak kan nok vera å understreka folkekirkja, men effekten kan bli ein større avstand mellom kyrkja som gudstenesteforsamling og folket. Vi vil prinsipielt hevda at indirekte val burde vera norma.

Med helsing

Bård Eirik Hallesby Norheim

Avdelingsleiar avdeling for teologi, religion og filosofi ved NLA Høgskulen